

ÅRSMELDING HAREID I.L. TRIM arbeidsåret 2025

GRUPPEÅRSMØTE for arbeidsåret 2024

vart halde onsdag 5. mars 2025 kl. 18 på klubbhuset. Tilstades: Gunn Bente Drevland, Leiv Arne Grimstad, Hildegunn Thomassen, Trond Are Thomassen, Andreas Moldskred, Irene Fjelle og Jan Morten Nilsen. Etter opprop vart leiar Gunn Bente Drevland vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Hildegunn og Trond Are Thomassen vart valde til å skrive under protokollen.

Leiv Arne las årsmeldinga, som vart godkjend.

Gunn Bente la fram dei rekneskapspapira ho hadde skaffa fram. Som tidlegare er det på grunn av det som årsmøtet oppfatta som «misplasserte føringar» vanskeleg å vite kva som er samla under dei ulike postane. Årsresultatet vart på + 14.295 kroner. Bankutskrifta per 5/12 2024 viste ei behaldning på kr. 125.579,41.

VAL for arbeidsåret 2025:

Leiar: Gunn Bente Drevland (1 år)

Nestleiar: Hildegunn Thomassen (2 nye år)

Sekretær: Leiv Arne Grimstad (2 nye år)

Styremedlem: Andreas Moldskred (ikkje på val)

Styremedlem: Jan Morten Nilsen (ikkje på val)

Styremedlem: Trond Are Thomassen (NY, 2 år)

Varafolk: Odd Elvanes (2 nye år) – Irene Fjelle (ikkje på val).

VALNEMND: Styret.

ARBEIDSÅRET 2025

Vi har hatt få reine styremøte (berre 3), men mykje av kommunikasjonen i trimgruppa har foregått digitalt. Hovudaktiviteten vår – fjellorienteringa/fjelltrimmen - har innarbeidd rutiner som blir fordelt mellom styremedlemene.

I etterkant av årsmøtet vart det «drola inn» ei rekke forslag på post-plasseringar for fjellorienteringa – og i styremøte onsdag 2. april vart så dei endelege 25 postane vedtekne. I ettertid ser vi at vi hadde for stor konsentrasjon rundt Ulsteinvik og for få postar i fjellheimen nær Hareid sentrum – noko som enkelte deltakarar også har påpeikt og som vi vil rette på i 2026.

Vi heldt fram med å legge vekt på å ha ein del kortare turar med tanke på å få med foreldre med småbarn. Etter at styret hadde fordelt utsetjinga av fjellpostane vart det ikkje halde styremøte før 24. september. I mellomtida hadde Andreas vore gruppa sin representant under friluftsgudstenesta i Alskleiva siste søndag i august.

Septembarmøtet førebudde inntakinga av fjellpostane medio oktober og premiefesten i november. Gunn Bente opplyste at det var levert inn litt færre kart enn året før. Nedgangen kjem truleg av at fleire har gått over til Stikk-Ut. Men etter at innleveringsfristen gjekk ut 1. nov. viste det seg at vi likevel har hatt ein liten oppgang i talet på innleverte kart! Styret har sagt seg innstilt på å halde fram i 2026, som blir det 38. strake året med denne aktiviteten.

Men med færre deltakarar og uendra kartpris følgjer også mindre inntekter. Gunn Bente foreslo derfor som innsparingstiltak å gå over til medaljar i staden for krystallar til dei unge som får B-premie på årets premiefest. Ho kontakta Furene, som kan skaffe oss klistrelappar med "Hareid Fjelltrim 2025"-påtrykk til å ha på både medaljane og dei restansekrystallane vi har liggande til A-premiar. Men etter kvart må vi rekne med at alle fram til konfirmasjonsalder får medaljar – ei premieringsform som er vanleg i liknande arrangement. Elles la premieleverandøren Berg Sport ned årane i år – noko vi ikkje oppfatta før det var «lovleg seint». Gunn Bente måtte derfor svinge seg rundt og skaffe premiar frå andre leverandørar til premiefesten.

Årets fjellorientering fekk elles ein del kritikk for dårleg oppløysing på karta – noko det vart teke grep i. Vi satsar på ekstra fullverdige kart neste år. Elles har året vore prega av tukling og fjerning av fleire postar i Ulsteinvik-området. Det gjeld i første rekke postane på Osberget og Nibben. Eit par andre Ulsteinvik-nære postar har vore velta (Mørdarbakken og Høgåsen) utan at vi er sikre på at det er gjort med vilje. Dei kan også ha vore for laust nedsette.

Nedtak av postane skjedde etter søndag 18. oktober (siste søndag i Hareidsstemna) og med innleveringsfrist for utfylte kart 1. nov. og med premiefest torsdag 20. november. Gruppestyret nytta tidlegare ansvarsmodellar for gjennomføringa av premiefesten, som samla fullt hus.

Årsresultatet for fjellorienteringa vart slik:

- * 171 innleverte kart
- * 68 har teke alle 25 postane
- * 19 debutantar
- * I løpet av alle åra har fjellorienteringa hatt 1050 ulike deltakarar (ca).

ÅRETS POKALAR:

35-årspokal (1): Odd Elvanes
30-årspokal (2): Reidun Sellereite Melhus, Leiv Arne Grimstad
25-årspokal (3): Tore Berge, Mona-Irene Dimmen, Øystein Orten
20-årspokal (5): Torgunn Jansen Hjørungdal, Torhild Hjørungdal, Oddfrid Kleppe Brandal, Arne Kåre Topphol, Åse Marit Indrefløy
15-årspokal (3): Ann Evelyn Hjelle, Tore Grimstad Paulsen, Svein Sunde
10-årspokal (7): Jan Høgstavoll, Cathrine Johansen, Jonny Mork, Kari J. Nevstad Ringstad, Torgeir Ringstad, Kari Storøy, Ben Are Kragseth
5-årspokal (11): Inge Eskeland, Kari Gunn Eskeland, Isabela Giertz, Ellisiv Gryt Grimstad, Gisle Jonberg, Gry Anita Jonberg, Reidun Holme Juliussen, Johan Lien Kleppe, Irene Rovde, Oddvin Sjøstad, Yamino
A-premie (ungdom) (3): Linnea Velsvik Aschehoug, Teodor Velsvik Aschehoug, Aslak Ringstad Moldskred og Dorthea Midtfløy Moldskred.
B-premie (ungdom) (36): Selma Velsvik Aschehoug, Brodd Grimstad Bjåstad, Eskil Grimstad Bjåstad, Frikki Grimstad Bjåstad, Erling Vatne Eriksen, Ingebjørg Vatne Eriksen, Liam Flemming, Vivian Giertz, Theo Dimmen Haraldsvik, Ian Birkhol Hjelmtveit, Cassandra B. Hjelmtveit, Mia Hoddevik, Noah Hoddevik, Anna Linnea Holme Juliussen, Eline Juliussen, Johan Lien Kleppe, Nikolai Lien Kleppe, Amund Håkon Orten, Olav Hjørungdal Pilskog, Benjamin Rognes-Kleppe, Linnea Røyset-Pilskog, Elida Røyset-Pilskog, Robin Slettevoll, Vilde Slettevoll, Sofie Slettevoll, Isak Kleppe Aarseth, Olav Rovde, Emma Rovde, Paul Rovde, Andreas Midtfløy Moldskred, Olavius Midtfløy Moldskred, Olai Ringstad-Moldskred, Gulliver Gryt, Gudmund Gryt, Alva Gryt.

Alle som har 20 eller fleire deltakarår per 2025:

35: Odd Elvanes
34: Ann-Mari og Bernhard Harkjerr
32: Bjørg Mong Korsnes
30: Jan Bigset, Reidun Sellereite Melhus, Leiv Arne Grimstad
27: Lidvar Hovden, Andreas Moldskred
26: Signe Herborg Bjåstad, Gunn Brandal Røyset
25: Tore Berge, Mona Irene Dimmen, Øystein Orten, Jorunn Ulstein
24: Marianne Teigene
23: Gunn Bente Drevland, Gerd Lykstad, Otto Arne Røyset, Roger Korsnes
22: Eldar Indrefløy, Einar Orten Trovåg, Margrete og Arild Husøy
20: Torgunn Jansen Hjørungdal, Torhild Hjørungdal, Oddfrid Brandal Kleppe, Hans Petter Brandal, Gunn Bente Brubakk, Ingrid Engkrog, Sølvi A. Mork Hauge, Svein Egil Kleppe, Aase Marit Indrefløy, Arne Kåre Topphol

SKILTPLAN: Andreas Moldskred jobbar godt med skiltingsplanen vår. Han har også fornya ein del av fjellorienteringsskiltbasen vår. Styret har vedteke å kjøpe inn 12 nye skilt (vi har stolpar til dei), som Andreas har teke på seg å få på plass. Skiltprisen er på ca 1.000 kroner per eksemplar, så det blir eit utlegg på ca 12.000 kroner.

ØKONOMI: Gruppa hadde ved årsslutt kr. 102.204,87 på bok (trass i at vi for ikkje lenge sidan gav 100.000 kroner til Tufteparken ved Hareid ungdomsskule). Årsresultatet vart på minus kr. 8.782,-. Samtidig vart det opplyst at gåvekontoen til "rastebord" (på Skafjellet) og "turstiar" hittil i år er tilført kr. 1.500,- (mot kr. 3.500,- i heile 2024). Dette dekkjer i alle fall innkjøpet av benk på Skafjellet.

RÅSVEDLIKEHALD: Når det gjeld råser som treng vedlikehald, er spesielt råsa frå Hareid sentrum opp mot Holstadhornet ei utfordring. Her er veldig vått ein del stader. Men gruppa har ikkje gjort vedtak om å legge ut steinar eller plankar. I staden har gruppa gitt ein generell kommentar om at "klipping er viktigare enn trebruer".

PLANINNSPEL: Andreas Moldskred har kome med innspel til både «Kulturminneplanen» og «Friluftslivets ferdselsårar i Hareid og Ulstein». Så må det nemnast at den same Andreas fekk tildelt Kulturprisen for Hareid under Hareidsstemna 2025. Det synest vi var både gildt og fortent.
Hareid 18/3 2026 LAG, skrivar

Ref. GRUPPEÅRSMØTE for arbeidsåret 2025

Møtet vart halde onsdag 18. mars 2026 på klubbhuset. Tilstades: Gunn Bente Drevland, Leiv Arne Grimstad, Hildegunn Thomassen, Trond Are Thomassen, Andreas Moldskred, Irene Fjelle og Jan Morten Nilsen.

Etter godkjenning av innkalling vart Gunn Bente Drevland vald til møteleiar og Leiv Arne Grimstad til referent. Jan Morten Nilsen og Odd Elvanes vart valde til å skrive under protokollen. Leiv Arne Grimstad las årsmeldinga, som vart godkjend. Gunn Bente Drevland la fram rekneskapen, som vart godkjend. Føringsane i rekneskapen var vanskelege å forstå fullt ut, men gruppestyret festa likevel lit til at dei var korrekte.

VAL:

Det var attval over heile linja. Styret vart konstituert på eit etterpølgjande styremøte. Det betyr at trimgruppestyret i arbeidsåret 2026 er slik:

Leiar: Gunn Bente Drevland (1 år)

Nestleiar: Hildegunn Thomassen (ikkje på val)

Sekretær: Leiv Arne Grimstad (ikkje på val)

Styremedlem: Andreas Moldskred (2 nye år)

Styremedlem: Jan Morten Nilsen (2 nye år)

Styremedlem: Trond Are Thomassen (ikkje på val)

Varafolk: Odd Elvanes (ikkje på val) – Irene Fjelle (2 nye år).

VALNEMND: Styret.

Ref. Leiv Arne Grimstad

